



Gunda Gjertrud Ingeborg Nordanger
Hamrane 30
5704 VOSS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3919 - 17/11400

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

19.04.2017

Oversending av klage til uttale - gbnr 70/23 Feste ytre

Kommunen har den 10.04.2017 mottatt klage på vedtak om dispensasjon frå plankrav, arealføremål og byggjeforbodet i strandsona (pbl § 1-8) for etablering av fritidsbustad, naust og kai på gbnr 70/23, fatta i Plan- og miljøutvalet i møte 22.03.2017, sak nr 024/17.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav d. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til dykk som part i saka for uttale.

Frist for innsending av uttale til klagen er 10.05.2017.

Klagen vert handsama av Plan- og miljøutvalet i møte 31.05.2017. Møta vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føra til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Dersom klagen ikkje vert tatt til følge vert den sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Då det er Fylkesmannen i Hordaland som har klagt på vedtaket vil klagen verta handsama av settefylkesmann oppnemnd av Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vedlegg:

Klage på vedtak om dispensasjon - gbnr 70/23 Feste ytre - oppføring fritidsbustad naust og kai
klage - Lindås - Gnr 70 bnr 23 - Feste ytre - Oppføring fritidsbustad naust og kai - Dispensasjon

Mottakarar:

Gunda Gjertrud Ingeborg Nordanger Hamrane 30

5704

VOSS